

Fra: Morten Storebø (mortenstorebo@gmail.com)

Sendt: 27.08.2018 16:45:17

Til: Skyss - Postmottak

Kopi: Målfrid Vik Sønstabø; Austevoll kommune; Dokumentsenteret - Postmottak

Emne: Rabatt for elbilar etter innføring av Autopass

Vedlegg: image001.png

Hei

Eg viser til møte med Hordaland fylkeskommune 10. april i år om takstar etter innføring av Autopass i Hufthamar-Krokeide og Husavik-Sandvikvåg.

I møtet blei det gjort greie for at elbiltakstane vil vere 50 pst. av ordinær takst for kjøretøy med same lengde, og tilsvarende rabatt for bompengar, og at elbiltaksten ikkje kan ytterlegare rabatterast ved å ha Autopass-brikke eller -ferjeavtale.

I Autopass-regulativet, punkt 3.2 Taksering av spesielle kjøretøy, står det:

«Elektriske kjøretøy med drivstoffkode 5 i vognkortet og hydrogenkjøretøy med drivstoffkode 6 i vognkortet, betaler 50% av prisen i den takstgruppe (AP1-AP9 og MC) som kjøretøyet blir målt til å tilhøre. Det ytes ordinære rabatter på denne prisen ved bruk av AutoPASS-brikke knyttet til AutoPASS-ferjekonto eller AutoPASS-brikke alene.»

Norsk eilbilforening har [omtala dette på sine nettsider \(21. februar i år\)](#) og viser til at dei har bede Samferdsledepartementet klargjere spørsmålet om «rabatt på rabatt». Foreninga gjengjev svaret frå departementet:

*«Det blir innvilget redusert, ordinær pris for el- og hydrogenbiler. Ordinær takst for disse bilene er 50% av ordinær takst i den kjøretøygruppe kjøretøyet blir målt til å tilhøre. **Så vil det bli gitt rabatt på denne prisen** (mine uthevingar), 10% ved bruk av AutoPass-brikke uten AutoPASS-ferjeavtale og 40%/50% ved bruk av AutoPASS-brikke eller AutoPASS-ferjekort med AutoPASS-ferjeavtale. Inntil AutoPASS for ferje er i drift, gir bruk av verdikort denne rabatten.»*

I same artikkel skriv foreninga at den har «argumentert for at dette også må gjelde for fylkesvegferjer».

Eg ber derfor med dette om svar på om det også i Hordaland vil vere slik at elbil med Autopass-brikke eller -avtale vil få ytterlegare rabatt på elbiltaksten (og bompengetaksten) om Autopass blir innført. Dersom dette er tilfelle så ber eg også om å få opplyst kva prisen for elbil vil vere – ferjetakst + bompengetakst – med rabattane ein kan oppnå (90 pst. og 50 pst.)

På førehand takk.

Venleg helsing

Morten Storebø

ordfører

E-post: morten.storebo@austevoll.kommune.no

Telefon: 55 08 10 00